

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

22. februar 2017

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Søknad om flytting av fiskeoppdrettsanlegg med auka biomasse ved Toska

Radøy kommune har på høyring søknad frå Lingalaks AS om flytting av lokalitet for fiskeoppdrett sør for Toska og auka biomasse frå 1560 tonn til 3600 tonn. Lokaliteten er ikkje i drift i dag.

Naturvernforbundet Nordhordland handsama søknaden på styremøte 21.02.17 og har desse merknadene:

Dagens lokalitet og lokaliteten det er søkt om, kjem i nærkonflikt med mykje brukte sjøområde for friluftsliv og fiske like i nærleiken av tettstaden Manger. Ved brua over til Toska like på nordsida av lokalitetane er det ei større båthamn med mange naust.

I Område for friluftsliv i Hordaland (Fylkesmannen) er områda på sjø og land ved lokalitetane klassifisert som «svært viktig» regionalt friluftsområde, delvis statleg sikra. Også i arealplan for Radøy er slike verdiar merkte, i tillegg til gyteplass for torsk like sør for lokalitetane.

Lokaliteten er ikkje i drift i dag. Av omsyn til friluftsliv, naturverdiar og gyteområde for torsk, vil Naturvernforbundet Nordhordland rå til at løyvet på lokaliteten ikkje vert forlenga. Sekundært går Naturvernforbundet mot ei utviding frå 1560 til 3600 tonn.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland